

Godt folk, til lukke med 17 mai alle saman, Ja, i dag høgtidar me atter den 17, mai, fridomsdagen og nasjonaldagen for det norske folk. Rundt om inby og bygd er det talar, fest og song for fedrelandet og framtida, og over kvar festly, blakrar det vakre flagget vårt. Det vert lyfta av barnehender i tusenvis, det vert bore på trøyeslaget. Og der ute i den vide verda slår det mot master. Den trefarga duken samlar oss alle heime og ute.

Me veit frå historia at det var mykje strid før nordmennene fekk lov til å feira den syttande mai. Kongen den gongen, Karl Johan lika det ikkje, han såg det som ein demonstrasjon mot unionen, og tykte heller dei skulle feira 4. november, den dagen Noreg fekk konge saman med Sverige. Men litt om senn gav han opp motstanden og 17 mai vart fast nasjonal~~dag~~ festdag i landet. Det var Henrik Wergeland som innstifta dagen, og som spelte hovudrolla i torgslaget 1829. Det kan difor vera høvande at me minnst han i dag.

Det var ein solblank vårsundag 17. mai 1829. Det nye dampskipet "Constitutionen" skulle koma til Kristiania, og mykje folk var samla på bryggja og ville sjå båten. Då skipet kom, ropa den unge diktaren Henrik Wergeland: "Leve Constitutionen", hurra. Men det var mest som å ropa eit leve for grunnlova, for konstitusjonen vil seia det same som riksskipnaden. Det vart livleg i folkemengda. Oppe på torget strøymde det saman mange menneskje. Politiet var etter dei og bad dei gå heim. Men det var fint ver, og folk tykte ikkje det hasta. Kanskje det kunne hende noko som var vert å sjå på?. Med eitt rir politimeisteren inn på torget. Borgarmeisteren fylgjer etter med ei bok under armen og ein vektar med brannlykt på kvar side. Borgarmeisteren les opprørslova. Folk ropar hurra. Då stormar kavaleristar frå Akershus inn mot folkemengda med dregne sablar. Folk rømer unna det snøggaste dei vii. Henrik Wergeland fekk eit sabelrapp over ryggen, han var 21 år den gongen. Etter dette vart 17. mai fast nasjonal festdag.

Den 17. mai er på ein gong minna og lovnadene sin dag.

Minna sin dag, ikkje berre for det som hendt på Eidsvoll i 1814, men for alt det som har hendt i sogå vår frå då og til no. Minne om stridar, om nederlag og sigrar. Minne om veikskap og ettergjeving, men framom alt om seigt uthald, trufast vakthald og sterk vilje.

Lopadene sin dag, av di alt det som folket vårt har gjennomført manar til samhald og sjølvkjensle. Det er også det einaste som fører landet framover og gjev oss evna til å vinna over alle vanskar og føra oss friare, rankare og sterkare ut av alle påkjenningar.

Den 17. mai er framom alle dagar i året den som høyrer oss alle til. Det er ingen einskild stand eller klasse som eig denne dagen. Det er ikkje nokon serintressene sin dag. Det er Noregs dag. din og min dag som tryller ved sine minne og manar ved sine lovnader. Han kjem med vårbod og vårstemning i maturen og i menneskesinnet. Dagen kastar skinn over tidene som gjekk, og han pliktar kvar einskild for tidene som kjem. Difor er den 17. mai ikkje berre ein festleg hurradag, men også ein alvoret sin dag som talar ansvarsfullt til einkvar om å gjera si plikt til alle sitt beste og lukke. Det er samkjensla, solidariteten og toleransen si lære dagen gjev oss.

Usvikeleg har det norske folket høgtida den 17. mai som gjennom 146 år har bore fram budskapet sin som ein heilag loge frå Olympias eld. I eit sermerkt land som vårt, hjå eit sermerkt folk som det norske vil dagen aldri døy. Me lærde noko om det i dei åra me ikkje fekk høgtida han.

Det var dei nasjonale straumdraget som skapte dagen, og jamvel bak mykje *Carolskand* og *Chendvinn* svada og tradisjonelle talemåtar lever ånden frå Eidsvoll ung og færisk som våren sjølv. Det ville elles ikkje vera godt. Den 17. mai ligg som ein skjelvande nasjonal undertone i folkesjela, og den tonen må me aldri missa. For i den lever fortida åt landet vårt, notida og framtida. Det er ~~farax~~ fedrelandet sin tone. Kva er så fedrelandet?

Det er Noreg si soge frå ho tek til å syne seg i den første veike historiske grålysinga ~~med den underfulle mytologiske førestellingskrinsen.~~

Det er Noreg som etter slaget i Hafrsfjord stig fram som ein stat og tek

romet sitt mellom nasjonane i Europa. Det er kristendomen si søge i folket vårt. Det er det norske språket, norsk sed og skikk, nasjonal bløming, nedgang og oppdrift i dei mange åra som er gått. Det er det norske folket. Det er Noregs, jord dyrka frå umennelege tider med åkrar som duvar i sumarvinden og som ved ~~kunstlege~~ hausleite gjev næring og kraft til dei som skal bu her. Det er skog og fjell, det er havet med dei utømande rikdomane, det er alle dei næringane som gjev verksemd og byggjande arbeid. Det er fedrane sin arv gjennom uteljande generasjonar. Det er den norske naturen, så skiftande og stemningsfull at det er ~~som~~ som eit eventyr, så dragande at den fredlause Gunnar frå Lidarende såg seg attende mot heimen og sa: Fager er lia, aldri tyktest ho meg så fager før. Eg vil rida heim og ingen stad fara.

Alt dette er ~~fæder~~ fedrelandet, og alt er symbolisert i den 17. mai.

Og så står det til kvar einskild å gjera dagen til det han er og ~~sja~~ *skal* vera.

Henrik Wergeland er mellom dei store i norsk litteratur.

Han har hjeve oss mykje ved diktinga si, men no over hundre år etter han er død, minnest me han fullt så mykje for det han var som for det han skreiv. Me kan tenkje på alt det gode han gjorde for folk og land den korte stunda han fekk lov å leva. Wergeland visste sjølv at han var diktar, og det var også det han helst ville vera, men det var likevel ikkje nok for han. Han måtte vera med alle stader der det var noko å gjera, både i det politiske, sociale og kulturelle livet. Han var ein føregangsmann for alt framgangstrev og har sett merke etter seg for alle tider. Det han ville, var å gjera det best mogeleg for alle folk.

Det var fridom, eit fritt folk, som var draumen til Wergeland. Heile livet hans var eit utrøyttande strev for fridom på alle omkverve, ein strid mot all trøling og underkuing. Då han steig fram som diktar, berre 17 år gamall, var det fridomen han fyrst og fremst skreiv om. Han var oppglødd for all fridomsstrid kringom i verda, og han kjende at her heime var det han ville føra sin strid. Det største og dyraste for Wergeland var fedrelandet. Han var glad for Noregs nyvunne fridom, og var også den som sette mest pris på han. Det galdt å nytta fridomen og arbeida for framgang for landet. Alle som var med og stridde for ære og fridom for fedrelandet, vart Wergelands vener.

Wergelands namn vart knytt til grunnlovsdagen. Meir enn nokon annan var han med og gjorde 17. mai til heile nasjonen sin ~~fridags~~ festdag, og han gjorde Eidsvollsverket levande for folket.

Han voks opp på Eidsvoll. Her kom han midt i sentrum av Noregs historie, og her møtte det nye fridomstinget. Her hadde Eidsvolls- mennene gått og diskutert landet si framtid med kvarandre, og i Rikssalen hadde vedteke Noregs grunnlov.

Wergeland stridde ikkje berre for nasjonal fridom, men også for personleg fridom. Her i Noreg var folkefridomen fyrst ei reising av bønder mot embetsmenn. Her stilte Wergeland seg på bøndene si side, og lenge var det bondereisinga som fylte tankane hans. Etter kvart

vende han seg sterkare til arbeidarklassa. Fleire bladtiltak som Wergeland var med på, hadde til viktigaste føremål å hjelpe bønder og arbeidarar. Ei tid var han redaktør for "Statsborgeren", eit blad som stridde mot embetsmennene. Sjølv tok han til med bladet "For Arbeidsklassen". Der skreiv han om alt som han meinte ville hjelpe arbeidarane. Diktet "Sognefjorden" er innleiing til ei prosaforteljing om ein prokurators flåing, eit ledd i kamp mot den som utsugde bønderne. Skal lese dei 2 fyrste versa av nemnde dikt:

Den har været Dødens Gjæst,
Den har seilet på en Torden,
Den er døpt i Rædsler vorden,
som har pløyet Sognefjorden
Forthun frå til Sognefest.

Har du glemt dit Fadervor,
mindes du ei Bøn at bede:
lær den af en Guddoms Vrede,
tænk dig, Synder, da tilsæde
i en Båd på Sognefjord.

Då Wergeland tok til å verka, var det smått stell med mangt og mykje her i landet. Dette galdt ikkje minst i åndslivet. Noreg har mange merke frå dansketida. I kunsten og diktinga var det danskar som rådde. Frå 1830-åra vart mykje av dette annleis. Revolusjonen i Frankrike sette nytt liv i nordmennene. Dei tok til å tenkja meir over kva det var som stod i grunnlova, og kva det ville seia å vera eit sjølvstendig folk. Den tida som no tok til, har fått namnet "Norskdomsstida". Wergeland var med heile si kraft sjela i den. Han stod i brodden for all norskdomsrørsle og arbeidde for eit sernorsk kulturliv. Folke skulle vera nasjonalt på alle omkverve. Det måtte ikkje føra tankar og skikkar inn frå Danmark, men skapa sitt eige sermerkte åndsliv. Wergeland førde ein stadig strid mot det danske teatret som var grunnlagt i Kristiania. Han ville det skulle ha norske skodespelarar og spela norske stykke. Endå viktigare var arbeidet hans for eit norskare skriftmål. Han hadde ei sterk von om at me ein gong skulle få eit verkeleg norsk mål, og han freista sjølv å dikta på norsk målføre.

Det som me kanskje aller mest minnest Wergeland for er hans arbeid for rettferd og for at alle folk skulle ha det godt. Wergeland greidde ikkje å sjå at nokon hadde det vondt eller vart urettvis medfaren, men måtte trøysta og hjelpa alt han kunne. Dei som tykte dei leid urett, gjekk til Wergeland og søkte råd og hjelp. Wergeland med sitt varme hjartelag viste dei ikkje frå seg, men han freista bøta på all uretten. Ein fattig stakkar kunne alltid vera viss på å få hjelp hjå han. Sjølv hadde han ingen rikdom å ta av, men åtte eit uvanleg godt hjartelag. Det hende han kon heim utan frakke då han hadde møtt ein tiggjar på vegen. Han gav gjerne kleda av kroppen, hadde han ikkje anna. Når det galdt å hjelpa andre, sparde han aldri seg sjølv. Det hende ikkje sjeldan at han måtte lida for at andre skulle få det godt. Å få hjelpa andre var det gildaste han visste. Kunne han ikkje hjelpa sjølv, oppmoda han venerne sine til å gjera det. Dersom nokon leid urett, kunne han bli sint og gå hardt fram mot dei som han meinte hadde skulda. På grunn av dette fekk han mange fiendar. Men like snarsint som han var, like snar kunne han vera til å gløyma og ville vinna venerne sine attende. Wergeland var elska av folket som ingen annan. Han var svært glad i borna og tok seg ofte av dei. Han skreiv også songar til dei.

Wergeland hadde ei sterk tru på at opplysning kunne hjelpa folket til eit rikare liv og til framgang i det materielle strevet. Han gjorde eit stort arbeid for å spreida kunnskap, og det var helst dei som hadde lita råd, han ville hjelpa. Heime på Eidsvoll heldt han skule for ungdomen, og han arbeidde for å få folk til å skipa bygdeboksamlingar. Både der og i Oslo fekk han sjølv i stand boksamlingar. Han gav også ut opplysningsskrifter for folket. Heile livet arbeidde han for å spreide opplysning mellom folket.

Då Henrik Wergeland var nitten år gamall, måla han ei fane som syster hans Camilla, fjorten år hadde sydd. Denne fana med Norggs våpen påkom ved ein merkeleg skjebne til Toronto i Kanada, og vart under siste krig henta attende av norske flygarar. Om denne fana handlar det siste dikt Nordahl Grieg sende heim. Her er det eit vers om Wergelands livskamp,

Tyrannenenes gjerning så han,
 ruiner, likhauger, blodhav,
 akrer av barneskjletter,
 men frem måtte slektene gå,
 og som en sang steg håpet
 fra det befridde Europa,
 fra bleke kraniegunner,
 der hvor martyrene lå.

Det er ein felles kamp mot underkuing og trelevilkår som knyter oss so nær til Wergeland hundre år etter hans død. Det ligg noko symbolsk i dette at det var nokre norske ungdomar som henta "Wergelandsfana" heim til Gamlelandet, for han representerte sjølv alt som var frikst og ungt i si tid. Han var sjølv eit symbol, ei fane som folket har fylgt gjennom hundre år. Han var tolkaren av tidas gjerande idear, fyresangaren for den nye diktinga, profeten og reformatoren. Men han var ikkje berre det. Han var også norsk prosa, norsk kvardag. Han var barn av ei tid som ikkje berre er sympatisk, han kunne vera hensynslaus og uvøren som tida, stundom krangleveren og uhøvla som den.

På den tid Wergeland levde, var det stor klasseskilnad. Den ville han få bort. Sjølv var han presteson, men han var mykje saman med bondefolket og arbeidsfolket. Der fann han mange av venerne sine. Bondenæringa ville han hjelpe fram. Han fekk bøndene til å nytta betre dyrkingsmåtar og reidskapar. Han ville få opp att heimeindustrien, så folket kunne bli meir sjølvhjelpne og innførsla minke.

Wergeland tykte nok at grunnlova var av stort verd, men han fann lovbod der som stridde mot rettferda. Han ville ha gjort om att den paragraffen som stengde jødane ute frå landet. I denne striden tok han diktarevna til hjelp og skreiv to dikt, "Jøden og Jødinden". Ingen har vel gjort så mykje som Wergeland til at landet vart opna for jødane. Han fekk ikkje sjølv oppleve det, men her har me eit tydeleg døme på at det som han stridde for, har vorte til røyndom.

Wergeland hadde sagt medan han endå var frisk, at han ikkje kom til å bli nokon gamal mann. Slik vart det også. Han fekk ingen lang arbeidsdag. Midt i si travle tid vart han sjuk, og sjukdomen han fekk, var ulækjande. Wergeland ville gjerne leva, men han var likevel

glad og nøgd på sjukelægjet, endå han visste han aldri meir skulle bli frisk att. No tok han til å arbeida endå meir enn før. Han hadde så mykje han gjerne ville gjera ferdig. Med sitt friske mot og sin sterke arbeidsvilje heldt han fram, og han greidde også å fullføre mykje av det han hadde planar om. Han hadde tru på framgang, ikkje berre for den einskilde, men for alle menneskje. Noko av dei vakraste songane skreiv han då han låg på sjukesenga. Når Wergeland hadde det vondt, var det naturen som gav han trøyst. Han var heile livet så glad i den. Ein liten blome var for han det venaste av alt. Gleda over blomane var også noko av det siste han gav uttrykk for.

Henrik Wergeland er død, men verket hans lever vidare. Kan henda det han har skrive, ikkje har nådd ut i så vide krinsar, for han er ikkje så lett å skjønna. Men han har verka på det beste i folket vårt, og gjennom dei vunne fram til ein folkefører.

Ja. Henrik Wergeland let etter seg ein stor arv, og det er å vone at denne arven vert teken vare på. Den dag må aldri kome at Noreg nokon gong visnar eller smilddrar bort som eit tre eller tinar vekk som ei snøfonn.

Bawle Noy